



Ungdomsgruppa på ei tidlegare samling.

**Langrennsløparane i UIL er godt i gong med førebuingane til skisesongen. Kvar mandag har dei trening for alle fordelt på tre treningsgrupper etter alder. I tillegg kjem det ein del treningar for ein del av løparane. Laurdag 21. og søndag 22. november inviterer skigruppa løparane til barmarkssamling.**

- På samlinga er alle utøvarar f.o.m. 3.kl. og oppover hjarteleg velkomne. Dette blir ei helg spekka med god trening og ikkje minst sosialt samvær i og rundt hallen, skriv skigruppa i invitasjonen.

Samlinga har eit variert og godt program. Den startar med oppmøte laurdag kl.10 og like etter vert det klart for første treningsøkt. Denne vert etterfulgt av felles lunsj, aktivitet i hallen og frukt før det er klart for den andre treningsøkt kl.16.30. Den avsluttar den fysiske delen, men kl.19.00 vert den gode treningsdagen avslutta med middag og sosialt samvær i hallen. Dette varer til kl.21.00.

Søndag kl.11 samlast den spreke gjengen att. Då er det klart for fjelltur. Sidan det er noko veravhengig, vert det avgjort kor turen går på eit seinare tidspunkt.

På grunn av innkjøp og planlegging er det bindande påmelding. Den skal gå til leiaren i skigruppa, [Knut Johannes Ripel](#).

Skigruppa har tidlegare år hatt liknande samlingar, og det har vore svært så vellukka. Dei har eit svært godt team av leiarar og velkvalifiserte trenarar. Det kjem godt med på ei samling som denne.



Yngste treningsgruppe på første mandagstreninga.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland

Foto: Kjersti Bråtun og Thor Inge Døsland.